

---

**Fra:** BP Bovagen <BPBovagen@bunnpris.no>  
**Sendt:** 16. desember 2015 11:44  
**Til:** Monika Soltveit Gabrielli  
**Kopi:** Lin Tove Thomassen  
**Emne:** Svar på rapport angående skjenkeløyve

Svar på rapport angående skjenkeløyve

Hordabø IL tar rapporten til etterretning og vil prøve å skjerpa oss så godt me kan for å unngå slike bemerkninger i framtida.

Me vil likevel gi ei kort forklaring på merknadane i rapporten.

1. Er det openbart rusa person(er) i skjenkelokalet?

Her trakk skjenkekontrollør fram ein person han hadde sett "sjangle" på sin vei til baren. Der fekk han servert alkohol.

Personalet i baren ser ikkje alle personene sine bevegelser før dei kjem fram til baren. Dei må etter beste evne prøve å vurdere fortløpende når folk står framfor baren.

Det var fleire personer som blei vurdert til ikkje å få servering denne kvelden, men i dette tilfellet blei det dessverre ikkje oppfatta att gjesten var openbart rusa.

2. Konsumerer gjester medbrakte alkoholvarer/vart det tatt med alkohol ut av lokalet?

Kontrollør seier att han såg att 2 personer fekk med seg ein boks øl inn, samt att han låg merke til ein person i lokalet med lommelerke.

Vakter ved inngang har streng beskjed om att ingen skal ta med seg alkoholholdig drikke inn i skjenkeområdet. Dette gjer dei stort sett veldig bra.

Det kan nevnes att denne kvelden var det -3 grader ute, slik att folk kom godt påkledd. Dette gjer det vanskeligere å sjå om personer evt. har gjemt drikke på seg.

Vaktene visitterte og sjekka så godt dei kunne men greidde beklageligvis ikkje å oppdage alle denne kvelden.

3. Blir det skjenka alkoholholdig drikk til gjest(er) som ikkje fyller alderskravene?

Undertegna og skjenkekontrollør tok stikkprøvekontroll av enkelte gjesters alder. Dei kontrollør peika på blei spurt. Alle hadde gyldig legitimasjon som viste att dei holdt alderen, bortsett fra ein.

Han påstod han var 21 år men att kameraten hadde kortmappa hans. Personen blei bortvist fra arrangementet og fekk ikkje kome inn igjen.

Vaktene ved inngang skal spørre etter legitimasjon ved alle tvilstilfeller. Dette blir gjort. Den eine av vaktene ved inngang bekrefter att nevnte person hadde legitimasjon på att han var 21 år når han kom.

Hordabø IL skal være enda meir tydelig i sin gjennomgang av arbeidsoppgaver framfor neste arrangement. Det kan nevnes att vaktene er innleigde personer fra lokale idrettslag, ungdomslag og musikklag. Det er derfor ikkje profesjonelle dørvakter, bartendere eller øvrige vakter. Me synes våre innleigde vakter gjer ein kjempejobb og er veldig godt fornøyd med disse. Me håper derfor att me kan fortsette å leige folk frå frivillige lag/organisasjoner da våre arrangement også gir disse viktige inntekter til sitt arbeid.

Håper det hensyntas att ikkje alt kan oppdages umiddelbart når 800 mennesker samles på ett så lite område. Vaktane er på utkikk heile tida etter personer og anna som ikkje er innenfor regelverket. Når slikt oppdages blir det tatt affære umiddelbart.

Me skal uansett ta rapporten på største alvor og forbedre oss til neste gang!

Mvh Frode Myking, for Arr. Hordabø IL